

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 210	15/2527

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
114/2015	Formannskapet	PS	30.09.2015

## Økonomisk rapportering august 2015

### Vedlegg:

Vedlegg 1 -Status regnsk-bud pr august 2015

Vedlegg 2 - Rapport investeringer pr 31.08.2015

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmann skal kvar månad leggja fram rapport som syner budsjettstatus.

Vedlagt følgjer rapportering av status driftsrekneskap (vedlegg 1) og investeringsrekneskap (vedlegg 2) per 31. august 2015.

#### Driftsrapport:

Rapporten viser ein betre status på fleire tenesteområde enn det vi rapporterte førre månad.

I sum reknar vi med å komme ut innanfor driftsrammene for 2015. Vi forventar reduserte skatteinntekter og meirforbruk på Vestbygd skule med til saman kr 1,1 mill, men reknar med å kunne spare dette inn ved mindreforbruk på andre tenesteområde, sjølv om det einskilde område ikkje har identifisert desse i sine kommentarar i vedlagte rapport.

Sum skatt og rammetilskot ser ut til å verta kr 0,7 mill lågare enn estimert grunna lågare folketal pr 1.1.2015 enn rekna med i budsjettet for 2015, samt nasjonal skattesvikt i 2014 og 2015 som ikkje vert fullt ut dekkja inn gjennom revidert nasjonalbudsjett. Lågare rentenivå enn budsjettert så langt i 2015 gjev innsparing, men denne er ikkje berekna i detalj. Det er tidlegare meldt om eit mogleg meirforbruk på kr 600.000 på barnevernsområdet. Per 31. august ser det ikkje ut som at området får denne kostnadsauken og tenesteområdet ser ut til å gå i balanse.

#### Investeringsrekneskapen:

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan syner at påløpte investeringskostnader per 31.08.2015 er på totalt kr 19,8 mill (sjå kolonna Rekneskap 2015 hittil på side 5 i investeringsrapporten). Av dette er kr 13,0 mill ordinære driftsinvesteringar og kr 6,8 mill investeringar innan Vassverk og Avlaup.

Vedteke budsjettet er totalt på kr 91,6 mill (inkl. startlån), kr 55,5 mill for ordinære investeringar og kr 36,1 mill for VA-prosjekter. Prognosen for 2015 syner at investeringskostnadane kjem til å enda opp på kr 60,2 mill. Grunnen til dette mindreforbruket er at fleire større prosjekt, som til dømes utbygginga av Grasdal og Sagstad skule, fortsatt er under prosjektering og planlegging, og kjem i gong

seinare enn lagt til grunn i budsjettet. Det same er tilfellet for fleire prosjekt innan VA-området, mellom anna Vassleidning Ådlandsvågen – Landsvik og Vassleidning Fløksand – Beitingen .

Vi har som tidlegare meldt meirforbruk på prosjekt 659 - Sanering Markavegen. Totale kostnader er anslått å enda på kr 1,1 mill meir enn budsjettet, noko som vil bli dekkja inn av innsparingar på andre prosjekt.

### **Konklusjon**

Det vert på bakgrunn av denne rapporten ikkje gjort framlegg om budsjettendringar på drift. Det ligg i eigen sak til handsamling korreksjon av investeringsbudsjettet for 2015 med til saman kr 31,4 mill. Sjå eigen sak for kommentarar til dette.

### **Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet tek økonomisk rapportering for august 2015 til vitande»

### **Formannskapet - 114/2015**

#### **FS - behandling:**

#### **FS - vedtak:**

«Formannskapet tek økonomisk rapportering for august 2015 til vitande»